

[Automatisk teksta av Autotekst med NB Whisper. Kan innehalda feil.]

[KLAUS MOHN]

Du lyttar no til ein podkast frå Universitetet i Stavanger.

God kveld og velkomen til ein ny episode av Monitor.

Denne gongen frå Knowhow EdTech-konferansen her i Stavanger.

Dette er ein podkast om kunnskap og samfunn.

I dag skal vi ta opp eit tema som er utfordrande, men ikkje mindre engasjerande.

Ny teknologi i skule og utdanning.

Skjermbruk, dataspel og digitale vurderingar, for ikkje å snakke om kunstig intelligens.

Det set eit sterkt preg på skulekvardagen for elevar, lærarar og foreldre.

Vi har to gjester som arbeider tett på dette landskapet.

Dei første kjenner Kari Nessa Nordtun som kunnskapsminister, jurist og ordførar i Stavanger.

Som statsråd står ho i front når det gjeld utforming av politikk for bruk av ny teknologi i skule og utdanning.

Ho er nok blant dei som har åtvare mot ukritisk digitalisering i skulen.

Og har til og med føreslått at dei yngste trinna skal skånast for utstrakt skjermbruk.

Paolo Scarbocci er universitetslektor ved UiS i digitale medier.

Han underviser i digital pedagogikk og samarbeider med kommunar og skular om digital kompetanseutvikling for skuleverket.

Paolo meiner potensialet i teknologien er enormt dersom han blir brukt klokt og er fagleg forankra.

Så då set vi i gang.

Vi begynner med fagkunnskapen, Paolo.

Kva skal vi legge i omgrepet digitalisering?

Korleis bør det forståast i skule og utdanning?

[PAOLO SCARBOCCI]

Ja, det er mange perspektiv på det.

Eitt er det enklaste.

Ein kan gå frå noko analogt til noko digitalt.

Så om vi tar LP-platen via CD og opp til Spotify og streaming, så er det éin variant.

Om vi ser på grundigrapporten, så blei ho utarbeida av ...

På Kunnskapssenteret gjekk dei gjennom alle offentlege dokument og NOU-ar og fann 350 definisjonar av digitalisering inn mot skule.

Så det seier seg sjølv at det er vanskeleg å finne éin heilt bestemt.

Men eg synest likevel at det handlar òg om at det er ...

Ei utvikling vi kan gripe og må gripe.

Vi har høyrte på ulike presentasjonar som har sagt noko om at verda har endra seg.

Og det er tekstar der ute, òg digitale tekstar, som utfordrar oss med tanke på om innhaldet er sant eller usant.

Om det er ekte eller uekte, eller om det er noko midt imellom.

[KLAUS MOHN]

Når ein spør ein forskar, får ein klare svar.

Men vi får vere på eit litt høgare nivå iallfall, kanskje.

Kari!

Viss eg har forstått dine utspel rett, så har du ein viss skepsis til enkelte sider ved denne digitaliseringa.

Men utgangspunktet er vel at digitaliseringa har ein del oppside?

Forklar korleis du vurderer balansen mellom oppsida og utfordringane?

[KARI NESSA NORDTUN]

Ja, heilt klart enorme moglegheiter som ligg i digitaliseringa, viss det er brukt klokt.

Og spørsmålet er jo òg når det er klok bruk av f.eks.

digitale læringsverktøy.

Det er ein stor debatt rundt det.

Og der veit vi at det har vore ein enorm auke i digitale læringsverktøy i skulen.

Og vi ser at norske barn er nummer to blant alle OECD-land når det gjeld tid brukt på digitale læringsverktøy i løpet av skuletida.

Og nummer to i verda når det gjeld digital bruk i fritida.

Så norske barn bruker ekstremt mykje tid på skjerm, rett og slett.

Og det som er veldig viktig i skulen, er at vi stiller spørsmål til kvaliteten ved bruken.

Og det seier eg fordi vi ser at norske læringsresultatar har gått kraftig ned.

I mange fag.

Og det kan vere ulike grunnar til det.

Men ein av tinga vi ser sidan 2015, er innføringa av 1-1-digitale læringsverktøy til elevar.

At det er ein stor auke til det.

Og der ser vi spesielt på PIRLS, den internasjonale leseundersøkinga.

Der ser vi at når bruken har gått enormt opp, så går læringsresultatet kraftig ned.

Så er det sånn at ... Vi må berre vere sikre på at det blir brukt klokt, og at det fremmer læring.

Og forskning viser at det å lese lengre, meir komplekse tekstar blir betre på fysiske bøker enn på skjerm.

[KLAUS MOHN]

Så den utstrakte digitaliseringa vi har sett dei siste ti åra, er ein faktor bak den urovekkjande utviklinga frå f.eks.

Pulse-undersøkinga?

Vi ser at det er ei stor endring i norsk skule, i tillegg til andre ting òg.

Du seier høgt på statistikkane over skjermbruk målt i timar blant unge.

[KARI NESSA NORDTUN]

Kvar burde vi vore?

Men det viktigaste er at vi er sikre på at det fremmer læring.

Og at det fremmer livskvalitet, f.eks.

på fritida, når vi bruker det.

Og no gjer ikkje nødvendigvis det viss man tenker på scrolling på smarttelefon.

... heller tvert imot.

Og at læraren skal ha pedagogisk handlingsfridom til å bruke læringsverktøy.

I dag er det for mange lærarar som rapporterer at dei ikkje har tilgang på f.eks.

fysiske bøker, mens vi i mindre grad ser det når det gjeld digitale læringsverktøy.

[KLAUS MOHN]

Paolo, deler du noko av bekymringa?

[PAOLO SCARBOCCI]

Ja, til dels, sjølv sagt.

Eg skal bruke det klokt og smart.

Det er jo det eg jobbar med.

Elles hadde eg sikkert jobba med noko anna.

Når du nemner Pearls og òg PISA, så er eg litt sånn ... Viss ein samanliknar land, og tar dei som skårar høgt av europeiske land, f.eks.

Irland og Estland, og ser kva dei har til felles, så ...

Så er bl.a.

digital literacy.

Dei begynner ganske tidleg.

Og det vektleggast frå ein tidleg alder, altså den kompetansen til å avdekke alle typar tekstar, både digitale og analoge.

Og eg er litt opptatt av å snakke om tekstar, i utvida forstand.

At skjermomgrepet har kome i vegen for å snakke om tekstar og tekstforståing.

Ein annan ting med Irland og Estland er jo at dei òg hadde ... Eg bruker f.eks. steamlearning.

Det forener det analoge og digitale.

Du har praktiske arbeidsmåtar, som du har lansert ei stortingsmelding på.

Så for meg er det ingen motsetning mellom å jobbe analogt og digitalt og klokt.

Men det blir ofte presentert som om du må velje eller ha ein dikotomi.

Og den er eg ikkje einig i, og den liker eg ikkje.

Og det gjer at eg søv dårleg om natta når eg høyrer heile ordet skjerm.

Kari, dette må du få kommentere.

[KARI NESSA NORDTUN]

Debatten er for svart-kvitt.

At det er det eine eller det andre.

Eg har tru på balanse, og det å gi læraren moglegheit til å velje det verktøyet som fungerer best i den gitte avvisningssituasjonen.

Det har eg tillit til.

Når vi bruker så mykje tid på digitale læringsverktøy ... Og når vi òg bruker veldig mykje pengar på det ... Det kostar jo ganske mykje pengar, mellom 5000 og 7000.

Ja, det gjer det.

Med 75 000 i året, du får ganske mange bøker for det, med lisensar, innkjøp, vedlikehald og støtteutstyr, så er det ganske store summar.

Derfor er det ... Eg meiner jo at vi skal bruke summane på verktøya.

Men vi må vere sikre på at det fremmer læring.

Det som òg bekymrar meg, når vi bruker så mykje tid og pengar på det,

Så kvifor gjer vi det ikkje betre på den internasjonale undersøkinga?

Vi gjer det ganske greitt, men ganske middelmådig.

Nesten 40 % presterer på det lågaste mestringsnivået.

Det er urovekkande.

Sånn kan vi ikkje ha det.

Og eg synest heller at vi må vere heilt sikre på at dei skal bli steingode i digitale ferdigheiter.

Dei skal bli steingode på teknologi.

Men det funkar jo ikkje slik i dag.

Derfor utgreier vi no å innføre eit eige teknologifag.

Når elevane kan lese og skrive.

For du må kunne lese for å få gode digitale ferdigheiter.

Så her er vi ikkje ferdige, og dei må bli enda betre.

[KLAUS MOHN]

Har dette noko med å gjera at bruken av teknologi i skulen ikkje er god nok?

[PAOLO SCARBOCCI]

Det kan vera ei konsumerande haldning.

Noko av problemet med å forhalda seg til digitale tekstar i fritidskontekst, er jo ein sånn konsumerande bruk.

Og skulen er eit stad for å læra.

Ja, tal indikerer at vi må gjera noko, men mi påstand er òg at ...

Det har kanskje aldri vore så vanskeleg å lese som no.

Det var noko heilt anna når vi gjekk på skulen og skulle lese tekstar vi blei introduserte for, i forhold til det enorme spekteret av typar tekstar.

Det å kunne gjenkjenne ulike teksttypar, ulike sjangrar, ulike plattformer.

Avdekke sånn som vi såg før vi kom på scenen no.

Avdekke kva som er sant og usant.

Den samanblandinga.

Charlie Kirk og alt det som rullar rundt den forteljinga i sosiale medium, i vanlege, tradisjonelle medium ... Til og med vi vil slite med å lese og avdekke og forstå eit reelt innhald, og vi kan diskutere det ganske lenge.

Så når tala er middels eller så der, så gjeld det jo mange europeiske land.

Det gjeld òg andre land som står stille her.

Som har ei felles europeisk utfordring.

Så vi kan ikkje snakka om Noreg.

[KLAUS MOHN]

Men før vi slepp tak i dette, og la oss halda oss i skulen ... Kva kjenneteiknar dårleg bruk av teknologien?

Kva er dårleg bruk?

Det som elevane òg er opptatt av, er variasjon i undervisninga.

Så viss det blir monoton bruk av det same, og det gjeld òg lærebok ...

[PAOLO SCARBOCCI]

Ikkje berre ta utgangspunkt i den som lærar, eg har jobba lenge som lærar sjølv.

Lar eg meg berre styre læreboka, blir det kjedeleg undervisning.

Lar eg berre støtte meg på skulestudio eller ferdige digitale oppgåver.

Her er det òg ei blanding av at forlaga har ei fysisk lærebok, men òg digitale utgåver, som òg kostar mykje pengar til saman.

Dersom eg lener meg for mykje til det ... Det er derfor vi prøvde å vise eit eksempel tidlegare i dag.

Og vi har konstruert ein heilt original oppgåve som ikkje finst frå før.

Av å jobbe digitalt, analogt.

Den fusjonen der trur eg skaper betre lesarar.

Og det indikerer òg tal frå PISA på at Estland og Irland skårar høgt blant dei høgaste i Europa.

I tillegg til at dei ikkje endrar så mykje på rammene frå nasjonalt nivå at dei har ei viss tolmod på dei rammene som leggjast.

Mens vi er utolmodige og vil endre når tala ikkje går vår veg.

Så vi må gi det litt tid.

[KLAUS MOHN]

Eit nøkkelord for god bruk er variasjon.

Kjenner du deg igjen i det?

[KARI NESSA NORDTUN]

Absolutt, variasjon er kjempeviktig.

Det er det meldinga om ein meir praktisk skulekvardag handlar om.

Øyremerke og pengar til meir praktisk utstyr til skulane.

Vi veit at en del skular bruker det på sløydsalar, kunst- og handverkssalar, skolekjøkken, skolehagar.

Nokre bruker det òg på robotar og teknologi.

Veldig mykje spennande.

Så det har dei full fridom til å gjere.

Dei bruker det for å skape ein meir variert og meir praktisk skulekvardag.

Men eg meiner det er viktig at vi løfter blikket.

Og Estland er eit veldig interessant eksempel som blir vist der.

Det er eit av dei mest digitaliserte landa i verda, ganske gjennomdigitalisert samfunn.

Ja, til dels.

[PAOLO SCARBOCCI]

Det er Singapore og andre som òg skurr høgt.

Kanskje høgast av alt.

[KARI NESSA NORDTUN]

Men Estland kan vi ligge noko nærmare enn Singapore?

Absolutt.

Men eg synest det er interessant korleis dei gjer det så bra på mange av desse internasjonale prøvene.

Og så eg snakka med utdanningsministeren i Estland om dette.

Korleis foreiner de det å vere så digitaliserte og det å gjere det så bra på lesing, skriving, regning, naturfag osv. ?

Så seier ho at dei brukar iPad og Chromebooks.

Når får dei 1-1-nyheiter?

Så seier ho at dei ikkje får 1-1 hos oss.

Og så er dei ikkje på vidaregåande eingong!

Korleis bruker dei det i undervisninga?

Dei har eigne datarom!

Sånn som vi hadde på 90- og 80-talet!

Dei vurderte å kjøpe éin-til-éin på vidaregåande.

Så det seier litt om forskjellen.

Dei har forklart det på ein annan måte enn vi klarer.

Eg har invitert meg sjølv ned dit for å lære meir om korleis dei jobbar.

[KLAUS MOHN]

Men du har foreslått å redusere skjermbruken blant dei lågaste alderstrinna.

Kva har de tatt orde for der?

[KARI NESSA NORDTUN]

Vi har eit forslag på høyring.

Som knytter seg til det å ha ein varsam bruk av digitale læringsverktøy for dei minste.

Altså fem-, seks-, sju-, åtte- og niåringane frå 1. til 4. klasse.

[KLAUS MOHN]

Det er ikkje konkretisert?

[KARI NESSA NORDTUN]

Nei, det står i læreplanane.

Og her ønsker vi innspel.

Høyringsfristen er i november.

Og vi har fått over 130 innspel så langt.

Eg gler meg veldig til å lese dei.

For her er det viktig for oss å få pulsen på kva status som er der ute.

Og i tillegg til at vi reiser mykje rundt og høyrer, er det viktig at vi gjer dette riktig.

For me må vere tolmodige, men me kan heller ikkje sjå på at det går så dårleg.

[KLAUS MOHN]

Så før du har lese høyringsuttalelsene, har du ingen idé om kva som er eit passeleg innslag?

[KARI NESSA NORDTUN]

Lærarane skal ha fridom til å vurdere det sjølv.

Men det er viktig at dei får verktøya dei treng for å velje det som fungerer best.

Og så skal vi òg vere tydelege på at vi må tenke kvalitet i bruken av dette.

For det kan pasifisere òg.

[KLAUS MOHN]

Dette høyrer veldig forsiktig ut.

Og er knappast noko å hisse seg opp over.

[PAOLO SCARBOCCI]

Ja, kva skal eg seia ...?

Det er alltid hatt eit pedagogisk spørsmål, ei pedagogisk innramming.

Det er det viktigaste.

Då må eg òg seie noko om at her krevst det meir for å få opp tala.

Så krevst det ei kompetanseutvikling i skulen og hos lærarane.

Det er noko eg jobbar med, men det er noko eg kan føle meg einsam i. Vi er ganske få som jobbar med den kompetansehevinga frå lærarutdanninga.

Eg er ikkje den einaste, men det er for få som jobbar med det.

Og då blir òg tala deretter.

Det same gjeld andre fylke og byar.

Noreg er eit lite land, men eg kjenner nesten alle dei som jobbar med det.

Og det er for få personar.

Og då, viss du skal ha gode forskingsresultat eller få gode data, så må vi ha noko input òg, eller noko som er med og løfter det.

[KLAUS MOHN]

Vi forstår dette, men vil behalde i regelverket.

Blir det varsame forsikringar, og det skal etterlata stor fleksibilitet og fridom for den enkelte lærar til å utforma nøyaktig ... Kva engstar du deg for?

Det høyrer ikkje ut som stram regulering.

[PAOLO SCARBOCCI]

Nei ... Eg veit òg at det er kommunar som konkurrerer litt i å dempa dette.

Og kor ein skule nettopp sa at dei har ein iPad, men det er berre éin app dei kan bruka.

Opna.

Som er heilt absurd for meg.

[KLAUS MOHN]

Så det kan gås bort i å bruka det minst mogleg?

[PAOLO SCARBOCCI]

Det går sport i det.

Og viss eg skal gjera noko av kompetanseutviklinga, må eg nesten be paven om velsigning.

For å få lov til å gjera det.

Nesten ikkje å ta i, det er heilt sant.

Dei konkurrerer om å please deg litt, Kari, på dette.

Dei er lydige og lojale, og det er jo bra.

Men eg engstar meg for at det blir mindre variert undervisning.

Og det bekymrar meg òg på dei lågaste trinna.

Det er ei lærar i salen her, Bokstav-Mari, som har utruleg mange flotte opplegg som ho deler i sine kanalar.

Som viser denne variasjonen.

Og at dette ikkje er eit problem.

Vi treng berre spreie den typen gode eksempel.

Litt som Marte Blikstad Ballas, som seier at kva skal vi gjere med all den dårlege eller utanomfaglege bruken?

Ja, då må vi vise den gode, faglege bruken.

Og det tar tid.

[KLAUS MOHN]

Engstar Paolo seg unødig?

[KARI NESSA NORDTUN]

Nei ... Men eg er einig i at vi må vise den gode faglege bruken.

Derfor kunne vi gått til andre enden og sagt at det skal ikkje vere noko.

Nokon har sagt ... Forby det.

Dei mest kritiske røystene seier jo det.

Vil ikkje ha det?

Forby det.

Vi er jo ikkje der.

Men for oss er det viktig å seie at for dei yngste er inngangen til skole til å vere i aktivitet og til å vere i lek ...

Å lære seg sosiale og emosjonelle evner er det aller viktigaste.

Derfor set vi trykket der, der vi vil bruke tida i skolen.

For vi veit at ho er knapp.

Vi vil ikkje ha fleire timar inne i norsk skule, men betre timar.

Det må vere kvalitet i timane.

Og gjer i stor grad i dag.

Men det er framleis altfor mange skular som ikkje har den balansen mellom analoge og digitale læringsverktøy.

Seinast snakka eg med ho som vann prisen for Årets lærar i NRK på Supernytt.

Gratulerte henne med det rett før sommaren.

Og eg spurde om ho hadde ei viktig utfordring til meg.

Korleis ho kunne skape betre rammer for skulen.

Så sa ho at vi treng meir bøker.

På min skule har vi éi mattebok.

Det var den vi fekk av regjeringa.

Vi treng meir.

Det var hennar største ønske til meg.

Så det er framleis altfor mange plassar der lærarane ikkje har moglegheit til å velje.

Derfor må vi vere tydelegare på at mangelen er størst.

[KLAUS MOHN]

Paolo, kva skal vi gjera viss bruken av teknologien skal skjermast og dempast, og det skal leggjast føringar på kor mykje innslag vi skal ha av skjermar blant dei minste?

Korleis skal vi sikra at når verktøya brukast, så blir kvaliteten så høg som absolutt mogleg?

Utfordringa er òg at ... Svar utan å seia du vil ha meir pengar.

[PAOLO SCARBOCCI]

Eg skal prøve.

Utfordringa er òg at dei som utformar læreverka, eller dei digitale plattformene som skal brukast, dei har sine design på dette her.

Og så trur eg ... Ikkje berre trur, men ser òg at både skule og lærarar kanskje for lett tar det svellet.

Det er litt rått.

Dei tar ...

Ut frå midlane dei har, eit val.

Og så bruker dei det dei kan av dette.

Ikkje ukritisk, men ut frå det materialet ein har av midlar og pengar.

Eg har vore med på samtalar der elevane har blitt utfordra ... Om kommunen skal bruke meir pengar på lærebøker eller ...

På digitale læremiddel.

Og då får vi òg ulike svar på kva dei ønsker seg.

For dei ser jo òg at dei får nye bøker i nokre fag, og andre ikkje.

Så det er å avgrense ressursar i politikkens verd.

Dette reknestykket går ikkje opp, og då må vi gjere harde prioriteringar.

Og så handlar det kanskje om kompetanse.

At dei vel dei som er mest nærliggande, og kanskje blir påverka av visse kanalar til å velje ...

Det ein vel.

Dei spør gjerne meg kva eg anbefaler.

Eg kan ikkje vere reklamemann og seie bruk det eller det.

Og så går dei berre for det reine.

Eg fryktar ei monoton tilvære for elevane.

Anten det blir bøker eller digitalt.

Eg heiar på at elevane skal trivast og vere motiverte.

Når dei når ungdomstrinnet, begynner dei å kjede seg.

[KLAUS MOHN]

Eg vil stilla deg same spørsmål.

Kva er rolla til politikken når det gjeld å sikra høg kvalitet i bruken av teknologi?

[KARI NESSA NORDTUN]

Det er jo å legge rammene.

Det handlar om dei økonomiske rammene.

Og da er det jo lokalpolitikarane som har eit kjempestort handlingsrom.

Og tydeleg skal vere rondør av det.

Så har vi gått til det ekstraordinære skrittet som det ikkje er vanleg at regjeringar gjer for ofte.

Det er å gå inn og øremerke midlar til det eine som vi har gjort med fysiske bøker og skolebibliotek no.

... dei siste to åra.

I tillegg handlar det om etter- og vidareutdanning er viktig av lærarane.

Dette er kompetanse som dei treng, og at vi passar på at dei får det.

Det er kanskje denne sektoren i landet som har absolutt best ordningar for det.

Det er veldig, veldig viktig.

Og læreplanane ligg som ei ramme her.

[KLAUS MOHN]

Ja ... Me må innom kunstig intelligens.

For språkmodellar basert på kunstig intelligens er det siste tilskotet til digitale teknologiar.

Og dei har eit revolusjonerande potensial.

Konsekvensane er vidtrekkande for undervisninga, for prøvingsformer og for evaluering.

I fleire fag i grunnskulen er det i dag vanleg med ein førebuingsdel til skriftleg eksamen.

Der får elevane bruka ein heil dag til å lesa, diskutera og skriva notat.

Har du føreslått å fjerna denne førebuingsdelen til skriftleg eksamen?

Nettopp pga.

dei nye teknologiane.

Få grei ut.

[KARI NESSA NORDTUN]

Ja, det er blitt fjerna i stor grad allereie.

Direktoratet har gjort hjelpemidla færre fordi ein ser at det er for lite kvalitet knytta til kva den enkelte elev faktisk kan.

[KLAUS MOHN]

Byggmargsrefleksen er jo at dette høyrerest hensiktsmessig og logisk ut.

Paolo, tenkjer du òg at dette er rimeleg?

[PAOLO SCARBOCCI]

Det kan høyrast rimeleg ut med ein gong fordi ein får ein brann som ein må slukke.

Så må vi sjå på det litt langsiktig òg.

Litt tolmod og lange tankar og tankerekker.

Og i det legg eg at vi jobbar jo ... Og du er kunnskapsminister.

Må kanskje sjå nærmare på at kunnskap ikkje er det same.

Det interessante er at når språkmodellane blei tilgjengelege i eit skule- og utdanningssystem, så begynte vi å ta denne debatten om kva eksamen skal vere, korleis den skal sjå ut.

Før hadde dette rulla godt sånn noenlunde, og vi har vore nokolunde tilfredse.

Og så har desse språkmodellane kome inn og utfordra heile ...

Vi trudde vi hadde svara.

Det var spørsmåla vi hadde feil.

Hva slags spørsmål stiller vi?

Kva spør vi elevane om?

Ofte lagar vi for mykje spørsmåls- og svaroppgåver.

Da er det berre å hente det svaret.

Så elevane blir frista til å google eller finne eit svar.

Språkmodellen går berre eitt steg vidare frå googlinga.

Så det handlar om å lage meir rike oppgåver.

Kanskje eksamen òg må vere ...

Delte opp og strukturerte på ein annan måte.

Nokre tar til orde for meir muntlegheit igjen.

Podkastmedia ... Eg har arbeidskrav med studentane som skal lage podkastar.

Så finst det språkmodellar som kan generere podkastar etter kvart.

Men dei avslo vi foreløpig ganske fort, for dei ville bli fort amerikanisert.

Og heile språkmodellen er ofte bygd på eit amerikansk publikum.

Det språkmodellen er svake på, er lokalkunnskapen.

Dersom eg ber han snakke om Eigerøy skole eller Eigerøy bru ... Så er han heilt hjelpelaus.

Han klarer ikkje.

Det same skjer viss du googlar, så får du nokre rare trådar opp.

Så kva er det vi spør om?

Kva er det eksamen spør om?

Kva oppgåver lagar vi til studentane?

Kva oppgåver lagar vi til elevane i skulen?

Og der trur eg vi må bevege oss litt vekk frå det tradisjonelle mønsteret.

[KLAUS MOHN]

Det er lett å seie, men meir komplisert når det skal settast ut i verda.

Eg sit ved ein universitetsinstitusjon, og i heile vår sektor er erfaringa at det var ein stor overgang frå skuleeksamen til heimeeksamen i samband med covid-krisa.

Det skjedde nesten i parallell med at kunstig intelligens kom krypande inn over oss.

Verken lærekreftene eller studentane visste korleis ein skulle forhalde seg til dette.

Vi har hatt mange uheldige tilfelle, både med bachelor- og masteroppgåver og med heimeeksamen.

Ein skal kunne legge hovudvekt på heimeeksamenar med det teknologisystemet vi har no.

Korleis skal vi teste kunnskapsnivået hos elevane?

[KARI NESSA NORDTUN]

Ja, og det med å fjerne mykje av førebelsesdelen, det er brannslukking.

Så det har vore viktig å gjere det kjapt.

Og vi har stikkprøver som blir gjennomført på maskinene under eksamen.

Og vi held òg på med arbeidet med å prioritere sikker nettlesar ved avvikling av eksamen.

... hastige løysingar der og da.

Men de har òg satt ned eit større oppdrag knytta til sjølve eksamen.

Korleis skal eksamen vere i framtida?

Korleis har vi ei best mogleg form for vurdering, og ikkje minst at han skal vere rettferdig?

Så synest eg òg regjeringa har jo dette arbeidet med norsk språkmodell, bevilgar jo pengar til det.

Det kom ein budsjettlekkasje for nokre veker sidan.

Ein stor sum er neste år knytta til det, i tillegg til styrking av forskning knytta til KI, som min gode kollega Sigbjørn Aasland òg har vore ute med.

Så vi jobbar langs fleire spor her, både frå mitt skoleløp og ikkje minst på forskning og for kompetanse der.

[KLAUS MOHN]

Har du ei engstelse for at reguleringsgivar kan ta over?

[PAOLO SCARBOCCI]

Eg har alltid angst for for mykje regulering, fordi eg trur kunnskap slår alt.

Men det er jo ikkje enten-eller.

Og ein medieforskar som eg ... siterer ofte, og som har eit godt bein ...

... som òg rådgjer inn mot EU og Unesco, som seier noko om at ... Og som jobbar inn mot risiko og barn av media, som seier noko om at det aller viktigaste vi kan gjere, som òg har ...

Er å vise og lære ungane korleis noko blir produsert, korleis noko blir laga.

Eg er òg opptatt av at barn og unge får sjå det kreative potensialet i digital teknologi.

At dei er så vant med den konsumerande varianten frå ein fritidskontekst.

Men i skulen ...

Skulen skal vere eit stad for å lære frå dag éin.

Vi skal lære i matematikk, lesing, skriving og muntlege ferdigheiter.

Når du antydgar at digitale ferdigheiter ikkje er så viktig ... Eg føler det blir behandla litt stemoderleg.

Så bommar vi.

Eg trur det blir verre resultat viss vi ikkje tar det meir alvorleg.

Det løfter mykje meir opp til det eg har brukt livet mitt på.

Eg er sikker på at dette er viktig.

[KARI NESSA NORDTUN]

Blir det stemmemottakeleg behandla når vi seier at vi vil ha eit eige teknologifag i skulen nettopp fordi resultata ikkje er gode nok knytta til digitale ferdigheiter blant norske elevar?

[PAOLO SCARBOCCI]

Det er eit grep ... Eg veit f.eks.

at Maja Lunde har lansert teknologifaget.

Det er ein måte å gjera det på.

Eg har vore medie- og kommunikasjonsleiar i mange år.

Eg trur ikkje det er nok.

Det handlar òg om at eg koplar lesing til digitale tekstar.

Vi snakkar om lesing i alle fag.

Og vi er nøyddle til at barn og unge lærer å sjå koplingar mellom faga.

Så stemoderleg, altså ... Då meiner eg at det over tid, og kanskje i det siste, antydast at digitale ferdigheiter og ordet 'ferdigheiter' lurar oss lett.

For det kan fort høyrast litt teknisk ut.

At ungane berre skal lære noko teknisk.

Mens eigentleg er eg opptatt av den meininga og forståinga av alle tekstar som er rundt oss.

Det er den som utfordrar oss som vaksne, den som utfordrar ungane frå dag éin.

Som snart møter verda og begynner å spørje kvar songen og teksten kjem frå.

Og vi prøver febrilsk å finne eit svar, men vi må snakke mykje med dei om den typen tekstar.

Dei må jobbe med det, øve seg, og gjenkjenne produksjonen, sjangrane og formata.

Det er ei lang øving eg har brukt eit langt liv på.

Og det skaper ei anna type lesing.

Det er ein annan måte å lese det totale biletet av tekst i heile verda på.

Når eg vurderer ein tekst, har eg med alle tekstar eg samanliknar med.

Og så filtrerer eg.

Det er ei sjukt vanskeleg øving.

Men det gjer at du endrar kognitivt forståinga av dette.

[KLAUS MOHN]

Men vi er einige om eit enormt potensial i dei nye teknologiane.

Og om at dei skal ha høg prioritet og rom og plass i skulen.

Men samtidig snakkar de fint om at vi skal vareta dei grunnleggjande ferdigheitene.

Men grunnleggjande ferdigheiter er vel ikkje konstante?

Dei er vel òg i bevegelse over tid, kva vi skal rekna som grunnleggjande ferdigheiter.

Eg er enkel økonom og tenker at kapasiteten vår er avgrensa.

Både på det eine og det andre området.

Timetalet, antalet lærarar, økonomiinnsette rammer osv.

Så viss noko skal prioriterast opp og settast i høgsetet, og gis høgare prioritet enn tidlegare, ja, så er det noko som må gje.

Så kva gir det, viss dette skal bli så fantastisk viktig?

Kva er det som skal ut?

[PAOLO SCARBOCCI]

Ja, kven skal ut av oppgåva ...?

[KARI NESSA NORDTUN]

Det er lesing, det er skrivning, det er regning, det er myntlege ferdigheiter og det er digitale ferdigheiter.

Digitale ferdigheiter kom inn på starten av 2000-talet som ein grunnleggande ferdigheit.

Da var vi ein ganske annan plass i landet.

Og da var det digitale noko meir ukjent enn det det er i dag.

Og eg meiner jo fyrst og fremst at det er eit verktøy.

Mens det å lese er ei føresetnad.

Og det digitale kan vere eit verktøy, og det analoge kan vere eit verktøy for å kunne lese, skrive eller regne.

[KLAUS MOHN]

Det er ein fasilitator for læringsprosessen.

Me kan ikkje sjå på det som belastande, men meir som moglegheitsskapande.

[KARI NESSA NORDTUN]

Det er derfor vi ser på dette og tar det ut.

Det viktigaste er at dei lærer seg å lese, rekne og skrive.

Spørsmålet om korleis dei får det til, er opp til læraren å gi han handlingsrommet til å ta dei gode vala.

Det er det aller viktigaste.

Når vi slit med at altfor mange ungar ikkje kan lese, og difor gjer det det dårlegare i andre fag, òg digitale fag,

Så må vi ta tre tak og prioritere der det er viktigast først.

Og spesielt blant dei minste først.

Og spesielt med sosiale og emosjonelle ferdigheiter.

[KLAUS MOHN]

Er du beroliga av samtalen på AOLO, eller kjem du ikkje til å sova i natt heller?

[PAOLO SCARBOCCI]

Noko på sida, noko som forårsakar dårleg lesing.

Eg trur jo eg òg jobba på lesesenteret sjølv ein del år med språkløyper.

Sånn at eg ... Det er jo ikkje at eg ikkje ser betydninga av lesing og skriving.

Det er det eg landar på som det aller viktigaste.

Men i det ligg det det å sjå alle tekstar under eitt.

Så må vi kalle det digitale ferdigheiter, for det er eit verktøy.

Men det er den digitale eller medieverda vi lever i, som er heilt enorm, med Charlie Kirk og alt som skjer frå dag til dag, og ein pandemi som kastar seg ut i ein heilt annan veg.

Vi må tenke mykje større og langsiktigare enn det vi gjer.

Eg trur vi hamnar for fort til brannsløkkinga til at det krasjar veldig fort for å snu dette.

[KLAUS MOHN]

Vi skal gå inn for landing.

Tusen takk til dykk begge to.

Dette var ein engasjerande samtale, og det verkar klart at teknologien og politiske rammer endrar seg raskt.

Og at lærarar, elevar, forskarar og politikarar må samarbeide tett.

For å bruke moglegheitene utan å miste dei pedagogiske prinsippa av syne.

Eg set veldig stor pris på at de var med.

Takk til publikum og til deg som lytta.

Om du likte denne episoden, del gjerne vidare.

Og send oss gjerne spørsmål eller innspill til neste episode.

Tusen takk.

Du har nå lytta til en podkast fra Universitetet i Stavanger.